

Åpning av det 142. Storting

President: *K i r s t i K o l l e G r ø n d a h l*

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hennes Majestet Dronningen seg *torsdag den 9. oktober kl. 13* i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

Hans Majestet Kongens tale til det 142. Storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen bygger sin politikk på verdiene likhet, frihet og solidaritet. Regjeringen vil arbeide for å skape mer fellesskap - lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Regjeringen ser det som svært viktig at kontakten og dialogen styrkes med folk fra ulike miljøer, slik det bl.a. har skjedd gjennom rådsmøter og samråd.

Visjonen om Det norske hus, med vinduer åpne mot verden, holdes levende som et grunnlag for samfunnsplanleggingen. Det understreker at samfunnet er et fellesskap der det er plass til alle, og at alle har et ansvar. Basisen for dette er økonomisk og økologisk bærekraft.

For å unngå sterk prisstigning, svekket konkurransevne og høyt rentenivå må veksten i statens utgifter begrenses. *Økningen* i petroleumsinntektene skal gå til å bygge opp reserver i Statens petroleumsfond.

Petroleumsfondet skal forvaltes forsvarlig og i et langsiktig perspektiv. Midlene skal gi god avkastning som senere kan brukes til å løse velferdsoppgaver når oljeinntektene avtar og andelen eldre i befolkningen øker.

En videreføring av det inntektspolitiske samarbeidet, basert på solidaritetsalternativet, er en forutsetning for arbeid til alle og videre bygging av velferden. Det er nødvendig å føre en pengepolitikk basert på stabil valutakurs.

Regjeringen ser det som svært viktig å kvalifisere yrkeshemmede og de som stiller svakest på arbeidsmarkedet, slik at ledigheten kan reduseres ytterligere. Arbeidsformidling skal brukes aktivt for å motvirke mangel på arbeidskraft.

Økt globalisering og stadig sterkere internasjonal konkurranse stiller nye krav til en aktiv nærings- og konkurransepolitikk. Regjeringen vil sikre et aktivt eierskap, miljøomstilling i næringslivet og utvikling av fornybare energiresurser gjennom omplassering av deler av statens formue.

Regjeringen vil bidra til likeverdige muligheter for å ta informasjonsteknologien i bruk.

Samferdselspolitikken er en viktig del av den samlede nærings- og distriktspolitikken. Det skal legges økt vekt på miljøhensyn, en tryggere ferdsel for barn og integrering av funksjonshemmede.

Regjeringen vil arbeide for et sterkt, aktivt og konkurransedyktig landbruk. Jordbruk og skogbruk skal fortsatt spille en viktig rolle for å sikre god bruk av arealressursene og for å opprettholde bosettingen. Sikringen av matkvalitet og forbrukertrygghet skal forsterkes innenfor rammen av det internasjonale samarbeidet Norge deltar i.

I fiskeri- og havbrukssektoren vil Regjeringen utvikle et økologisk bærekraftig og lønnsomt næringsliv som gir økt verdiskaping langs kysten. Det skal stimuleres til fornyelse av fiskeflåten og utbygging av fiskerihavner.

Målet for distrikts- og regionalpolitikken skal fortsatt være å opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret og utvikle robuste regioner i alle deler av landet.

Kommuner og fylkeskommuner skal ha en inntektsutvikling som bidrar til likeverdige levekår over hele landet.

For å stimulere til en økonomisk utvikling som styrker miljøet, vil Regjeringen foreslå en skatte- og avgiftsreform med større vekt på grønne skatter og lavere skatt på arbeid.

I klimaforhandlingene går Regjeringen inn for en ambisiøs avtale med tallfestede utslippsforpliktelser basert på rettferdig byrdefordeling og kostnadseffektiv iverkssettelse av avtalen, bl.a. ved prosjekter for felles gjennomføring med andre land. Regjeringen vil utarbeide en plan for hvordan Norge skal oppfylle sine forpliktelser.

Arbeidet for å begrense tap av det biologiske mangfoldet, sørge for økologisk bærekraftig bruk og vern av truede og sårbare arter og naturtyper og ta vare på kulturlandskap er en viktig del av en bærekraftig utvikling.

Regjeringen vil legge fram en handlingsplan for landets framtidige energiforsyning. Målet er at Norge i et normalår skal produsere elektrisitet med fornybare energikilder tilsvarende det norske forbruket.

Regjeringen vil videreføre en lete- og utvinningspolitikk som sikrer en langsiktig forvaltning av petroleumsressursene. Industrien skal fortsatt ha elektrisk kraft til konkurransedyktige vilkår.

FN er det viktigste globale instrument for fremme av fred, menneskerettigheter, miljø og utvikling. Norges sterke engasjement videreføres. De nordiske forslagene om styrking og effektivisering av FNs virksomhet vil bli fulgt opp.

Regjeringen vil videreutvikle de transatlantiske forbindelsene og intensivere arbeidet for økt sikkerhet i Europa, bl.a. gjennom vårt medlemskap i NATO og OSSE, og ved økt kontaktskapende virksomhet i nordområdene. Regjeringen vil følge opp arbeidet med NATOs utvidelsesprosess.

Norge vil utvide sin støtte til de baltiske landene i deres bestrebelser på å komme sterkere med i det europeiske og euroatlantiske samarbeidet.

Arbeidet med å få bredest mulig oppslutning om et totalforbud mot antipersonellminer blir intensivert i tråd med resultatene fra Oslo-konferansen i september i år.

Bistanden overfor utviklingslandene skal gradvis trappes opp.

Regjeringen vil sikre at mennesker på flukt gis beskyttelse i tråd med FNs flyktningkonvensjon.

I den kommende langtidsmelding for Forsvaret vil en politikk basert på nasjonalt invasjonforsvar, alliert støtte, totalforsvar og alminnelig verneplikt bli videreført.

Regjeringen vil forhandle fram en avtale for å sikre gode institusjonelle løsninger som viderefører norsk deltakelse i Schengen-samarbeidet, etter beslutningen på EUs toppmøte om at samarbeidet på sikt skal innlemmes i EU. Dette er nødvendig for å videreføre den nordiske passunionen og for å styrke innsatsen mot internasjonal kriminalitet.

Regjeringen legger stor vekt på at Norge gjennom EØS-avtalen og Schengen-samarbeidet sikrer et bredt samarbeid med Den europeiske unionen.

Regjeringen har tre hovedoppgaver i byggingen av velferdssamfunnet - oppgaver som skal følges opp fra år til år.

1) Skape en eldreomsorg og et helsevesen som gir trygghet og valgfrihet.

Innen eldreomsorgen skal hele kjeden av tilbud forbedres - fra hjemmehjelp via omsorgsboliger til sykehjem med tilbud om enerom.

Behandlingstilbudet for mennesker med psykiske lidelser skal styrkes, og det skal legges fram en handlingsplan for psykiatri.

Arbeidet med å bygge ut og reformere helsetjenesten vil fortsette. Pasienten skal settes først. Innsatsstyrt finansiering skal bidra til omorganiseringer og behandling av flere pasienter. Nytt lovverk er sendt på høring og vil bli foreslått fornyet. Innføring av fastlegeordning med spesiell oppmerksomhet omkring kommuner med ustabil legedekning, skal bidra til et trygt og stabilt legetilbud.

2) Fortsette satsingen på utdanning av barn og unge. Starte oppbyggingen av en etter- og videreutdanningsreform.

Regjeringen vil følge opp og sikre kvaliteten på reformene i grunnskolen og i videregående opplæring. Fagopplæringen og lærlings situasjonen vil bli gitt stor oppmerksomhet. Regjeringen vil gjennom samarbeid med partene i arbeidslivet vurdere nye virkemidler slik at de som ønsker det, skal få en lærekontrakt høsten 1998.

Regjeringen vil legge fram en stortingsmelding om etter- og videreutdanning. Målet er, i samarbeid med partene i arbeidslivet, å utvikle befolkningens samlede kompetanse og gi likeverdige muligheter for alle voksne arbeidstakere.

Regjeringen vil forbedre grunnutdanningen av lærere gjennom nye rammeplaner og satse på etterutdanning av lærere.

Et høyt opptaksnivå ved universiteter og høyskoler skal opprettholdes. Dette er særlig viktig for utdanningen innen helsesektoren, skole og barnehage, og innenfor informasjonsteknologi. Studentvelferden skal styrkes gjennom flere studentboliger.

Regjeringen legger vekt på forskningens og utviklingsarbeidets betydning for nyskaping og vekst. Ikke minst bør næringslivet bidra til en sterkere innsats på dette området.

3) Satse systematisk på kultur og trygge oppvekstvilkår.

Deltakelse og kommunikasjon er viktige elementer i en aktiv kulturpolitikk. Det skal bli lettere for frivillige organisasjoner å ansette folk, og grensen for å betale merverdiavgift skal heves. Frivillig aktivitet skal gradvis få en større andel av overskuddet fra de statlige spillene.

Regjeringen vil støtte kulturelle signalprosjekter lokalt, og det vil bli lagt fram en stortingsmelding om opera.

I den videre velferdsbyggingen vil barns oppvekstvilkår også ha en viktig plass. En handlingsplan for oppvekstvilkår skal legge opp til styrket deltakelse blant barn og unge. Innsatsen mot vold, mobbing, kriminalitet, rus og rasisme skal styrkes i barne- og ungdomsmiljøene.

Innen år 2000 skal alle som ønsker barnehageplass, kunne få det.

Regjeringens fordelingspolitikk innebærer at de som har mest, må yte noe for å løfte opp de som har minst. Enslige forsørgere og uføretrygdete som forsørger barn, skal gis et løft. Bostøtten skal styrkes slik at den sikrer rimelige boutgifter for pensjonister med lave inntekter og andre lavinntektsgrupper.

Regjeringen vil legge vekt på å bekjempe kriminaliteten og øke folks trygghet bl.a. gjennom et synlig og desentralisert politi. Reaksjonen overfor lovbrudd må være rask, og ofrenes stilling må styrkes. For å hindre tilbakefall til ny kriminalitet, og dermed forebygge ny kriminalitet, skal rehabilitering og ettervern vektlegges.

Regjeringen vil kjempe mot rasisme og diskriminering og for integrering av innvandrere. Norskopplæring og kvalifisering for arbeidslivet skal prioriteres.

Arbeidet for likestilling skal fortsette. Både kvinner og menn skal ha mulighet til å kombinere utdanning og arbeid med barn og familie.

I samarbeid med Sametinget vil Regjeringen fortsatt arbeide for å støtte samisk kultur, språk og næringsvirksomhet.

Regjeringen vil foreslå en utredning om makt og demokrati i Norge.

Regjeringen vil fremme en stortingsmelding som skal gi grunnlag for en omfattende og prinsipiell debatt om offentlighetsprinsippet i forvaltningen.

Gjennom en målrettet og verdiforankret kirkepolitikk vil Regjeringen legge til rette for engasjement og fornyelse i Den norske kirke.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning og erklærer Norges 142. Storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Gerd-Liv Valla.

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Regjeringa la i perioden fram langtidsprogrammet for åra 1998 til 2001. Regjeringa skisserer i programmet ein solidarisk politikk som siktar mot ei berekraftig utvikling både økonomisk og økologisk.

Velferds-, økologi- og generasjonsperspektivet utgjer fundamentet for den økonomiske politikken, nærings- og arbeidslivspolitikken, velferdspolitikken, kompetanse- og kulturpolitikken og utanriks- og tryggingpolitikken til Regjeringa.

Regjeringa har i perioden lagt vekt på å halde kontakt og føre dialog med folk frå ulike miljø. Dette er teke vare på m.a. ved fire rådsmøte om ulike tema som vart haldne i vår og dessutan talrike samrådsmøte over heile landet.

Eit sentralt mål for Regjeringa er å skape rettferdig fordeling mellom rike og fattige land. Noreg gav i fjor 5,5 milliardar kr i u-hjelp. Regjeringa har ført vidare Noregs engasjement i Dei sameinte nasjonane og har lansert Noreg som kandidat til Tryggingrådet for perioden 2001–2002. Dei nordiske landa la i januar fram eit framlegg for å styrkje og effektivisere det sosiale og økonomiske arbeidet i Dei sameinte nasjonane. Det er òg fremja som eiga stortingsmelding.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet for å styrkje internasjonalt samarbeid for ei berekraftig utvikling. Oppfølginga av konferansen om miljø og utvikling som Dei sameinte nasjonane heldt i 1992 og dei klimaforhandlingane som blir førte, har vore prioritert i perioden.

Noreg overtok ved årsskiftet formannskapet i Nordisk Ministerråd. Regjeringa har lagt vekt på å utvikle det nordiske samarbeidet m.a. når det gjeld næringsområde, informasjonsteknologi, frivillige organisasjonar og utfordringane som velferdsstaten står overfor.

Regjeringa har i perioden sett i gang prosjektet «Møteplass Europa» for å styrkje informasjonen om det europeiske økonomiske samarbeidet.

I desember skreiv Regjeringa under ei samarbeidsavtale med Schengen-landa. Avtala sikrar ei vidareføring av den nordiske passunionen og eit nært samarbeid med andre europeiske land i kampen mot grenseoverskridande kriminalitet.

Europakommisjonen gjorde i mars i år framlegg om ein straffetoll på eksport av norsk laks på bakgrunn av at det var sett fram påstandar om dumping og subsidiering. Men Regjeringa vart samd med Den europeiske

unionen om ei avtale. Avtala sikrar busetjing og arbeidsplassar i Kyst-Noreg og gjev moglegheiter for utvikling i lakseeksportnæringa.

Noreg har arbeidd aktivt for å vidareutvikle kontakten med landa i Sentral- og Aust-Europa. Den planlagde utvidinga av Den nordatlantiske forsvarsalliansen, samarbeidet mellom organisasjonen og Russland og det nyleg etablerte Euroatlantiske partnerskapsrådet, er sentrale element i den alleuropeiske samarbeidsstrukturen som no veks fram.

Folkemengda i Noreg var ved årsskiftet nesten 4,4 millionar. I fjor auka folketallet med om lag 23 000 eller 0,5 pst. Av denne auken skuldast 75 pst. fødselsoverskottet, som var det høgaste sidan 1974.

Levealderen for norske kvinner og menn stig stadig. Forventa levetid er 81,1 år for nyfødde jenter og 75,4 år for gutar. Aldersgruppa 80 år og eldre aukar raskt både i tal og i høve til andre aldersgrupper. På seks år har gruppa vakse med nesten 21 000. I høve til resten av befolkninga auka gruppa frå 3,7 til 4,1 pst.

Den yrkesaktive delen av befolkninga passerte i perioden det tidlegare toppåret frå 1987 og er no på 71,5 pst. For kvinner er 66,2 pst. det høgaste nivået nokon gong. Talet på arbeidsledige har minka sterkt første halvår i år til om lag 80 000 personar. Det utgjer 3,6 pst. ledige menn og 3,5 pst. kvinner.

Ved årsskiftet var det 6,9 milliardar standard kubikkmeter oljeekvivalentar igjen av dei petroleumsressursane som til no er oppdaga på norsk sokkel. Dersom ein legg uttaket av petroleum i 1996 til grunn, er det framleis oppdaga ressursar i Noreg til 19 års oljeproduksjon og 91 år med gassproduksjon.

Ved årsskiftet hadde vi produsert omkring 16 pst. av dei samla oppdaga og uoppdaga ressursane på norsk kontinentalsokkel.

Regjeringa la i vår fram ei stortingsmelding om innvandring og det fleirkulturelle Noreg. I meldinga blir arbeidet mot rasisme og diskriminering, norskopplæring for barn, unge og vaksne og kvalifisering for arbeidslivet peikte ut som satsingsområde.

Inntektene i kommunesektoren har auka jamt dei siste åra. For 1997 reknar ein med ein reell auke i inntektene til kommunesektoren på 2,25 pst. Rekna som del av inntektene har nettogjelda i kommunane gått sterkt ned dei siste åra frå eit toppnivå på 40 pst. i 1989 til 28 pst. i fjor.

I vår la Regjeringa fram ei stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken. Ho viser ei utjamning av velferdstilbod og levekår, men det er framleis regionale skilnader når det gjeld talet på arbeidsledige. Av i alt 435 kommunar har 231 hatt nedgang i folketallet dei siste 10 åra.

I fjor tok 7 av 10 fedrar ut fedrekvoten i fødselspermisjonen, og langt fleire fedrar tok i tillegg permisjon utover fedrekvoten enn året før.

Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan for eldreomsorga for perioden fram til 2001. Planen omfattar utbygging av heimetenester, bygging av omsorgsbustader og plassar med pleie og omsorg heile døgnet, ombyg-

ging frå fleirsengsrom til einerom og erstatning av gammal bygningsmasse.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om psykiske lidningar og tenestetilboda. Her blir det gjort framlegg om ei rekkje tiltak for vidare utbygging av tenestetilboda, kompetanse- og kvalitetsheving og rekruttering av personell.

I juli vart det sett i verk ei ny finansieringsordning for sjukehussektoren der ressursane i større grad blir tildelte sjukehusa avhengig av kor mange pasientar som faktisk blir behandla, og den innsatsen som blir gjord. Frå same tidspunkt vart ventetidsgarantien endra.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om innføring av fastlegeordning. Heile befolkninga vil få tilbod om fast lege i kommunen.

Tiårig grunnskole er innført frå og med skoleåret 1997-98. Nødvendige lovendringar og forskrifter er vedtekne. Denne hausten har meir enn 60 000 seksåringer begynt på skolen saman med like mange sjuåringer. Det ligg føre nytt læreplanverk for heile grunnskolen, og det ligg føre lærebøker for dei klassene som tek den nye læreplanen i bruk dette skoleåret.

Overgangen til eit nytt tusenår og deretter markeringa av 100 år som sjølvstendig nasjon i år 2005 er utgangspunkt for arbeidet med å velje ut lokale signalprosjekt rundt om i landet som kan vere med og styrkje kulturengasjement, livslang læring og fysisk aktivitet.

Kulturminneåret 97 har skapt stort engasjement, og rundt 5000 små og store arrangement finn stad landet rundt.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om tilhøvet mellom staten og dei frivillige organisasjonane, der ein gjer framlegg om tiltak som skal styrkje det frivillige medlemsbaserte arbeidet som ei sentral kraft i forminga av samfunnet vårt.

* * *

Humanitær hjelp til offer for konflikter og naturkatastrofar har vore halden oppe på eit høgt nivå, nærare 1,5 milliardar kr for 1996. Dei viktigaste innsatsområda har vore Sentral-Afrika, det tidlegare Jugoslavia, Midtausten, Angola, Sudan og Afghanistan. Noreg har engasjert seg aktivt for å auke respekten for menneskerettane m.a. i land som Kina, Tyrkia, Burma og Nigeria. Det norske engasjementet i fredsprosessen i Midtausten har vore ført vidare.

Tidlegare statsminister Gro Harlem Brundtland er fremja som kandidat til stillinga som generaldirektør for Verdhelseorganisasjonen.

Noreg har saman med dei andre nordiske landa hatt ei pådrivarrolle i Verdsbanken for eit omfattande tiltak for gjeldslette til fattige land. Tiltaket vart ferdigforhandla hausten 1996, og Noreg var det første landet til å hjelpe til med midlar.

Regjeringa gjennomgår flyktningpolitikken. Dette har m.a. ført til at familiegjenforeining er vorten lettare. Bu- og omsorgssituasjonen for einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar er kartlagd som eit ledd i arbeidet for å styrkje tiltaka for denne gruppa.

Det har vore gjennomført ein større presentasjon av norsk kultur i Japan, med særleg vekt på musikk og biletkunst. Noreg var også hovudland ved Schleswig-Holstein-festivalen i år. Meir enn 150 internasjonale journalistar vart i perioden inviterte til Noreg av Utanriksdepartementet. Det har resultert i brei og positiv omtale i fleire viktige medium.

Noreg arrangerte i mars 1997 eit ministermøte om integrering av fiskeri- og miljøspørsmål i Nordsjøen. På det tiande partsmøtet under Konvensjonen om internasjonal handel med truga dyre- og plantearter oppnådde Noreg auka internasjonal forståing for norsk kvalfangstpolitikk.

Arbeidet med å koordinere samanfallande interesser i høve til EU er vorte ein viktig del av det nordiske samarbeidet. Dei institusjonelle rammene for det er vorten endra slik at ein skal kunne ta hand om dette.

Det tradisjonelt svært gode politisamarbeidet mellom dei nordiske landa har halde fram og blir som ei følge av Schengen-samarbeidet også styrkt innanfor ei ny europeisk ramme. Det er sett i verk nordiske tiltak, og under leiing av Noreg er det utarbeidd ein nordisk handlingsplan for å få bukt med kriminaliteten i somme motorsykkelmiljø.

Det nordiske samarbeidet med nærområda i Barents- og Østersjøregionen er vidareutvikla. Det er lagt auka vekt på arbeidet med å støtte integreringa av dei baltiske landa i europeiske og euroatlantiske samarbeidsorganisasjonar. Det forsvarspolitiske samarbeidet mellom dei nordiske landa er vorte monaleg utvida dei seinare åra. Det er lagt stor vekt på å betre evna i dei einskilde landa til felles innsats i internasjonale fredsoperasjonar.

Regjeringa har lagt fram ein revidert handlingsplan for atomsaker, som styrkjer den norske innsatsen for auka atomtryggleik i dei nære havområda våre ytterlegare. I utviklinga av samarbeidet med Russland om atomtryggleik har ein konsentrert seg om konkrete oppryddingsprosjekt. Regjeringa har også lagt stor vekt på arbeidet med juridisk bindane rammer for handsaming av brukt kjernebrensel og radioaktivt avfall i dei einskilde landa gjennom drøftingar om ein ny internasjonal konvensjon på området. Rednings- og katastrofesamarbeidet mellom Noreg og Russland er styrkt.

Noreg hadde i perioden formannskapet i Den arktiske miljøvernstrategien og har arbeidd for at han skal integrerast i Arktisk råd, som nyleg er oppretta. Det er inngått ei avtale mellom Noreg, Russland og USA om forsvarsrelatert miljøsamorbeid i Arktis.

Noreg, Island, Færøyane, Russland og Den europeiske unionen vart i desember 1996 samde om ei avtale om fiske av norsk vårgytande sild for 1997. Arbeidet med å få på plass ei avtale med Island om fiske av torsk i Smottholet held fram, utan at ein til no har vorte samde.

Regjeringa har arbeidd for ei effektiv gjennomføring av den europeiske økonomiske samarbeidsavtale og har innlemma frihandelsavtalene EFTA har med land i Sentral- og Aust-Europa, i eit større frihandelsnettverk i Europa. EFTA har vidare inngått ei frihandelsavtale med Marokko.

Våren 1997 hadde om lag 470 prosjekt og nettverk med norsk deltaking fått tildelt stønad frå Den europeiske unionen gjennom det fjerde rammeprogrammet for forskning. Dette utgjer ein innvilgingsprosent på om lag 27 pst., noko som er godt over gjennomsnittet. Det er i perioden lagt fram ei stortingsmelding om studium i utlandet.

Innanfor Verds-handelsorganisasjonen er det inngått avtaler om å avskaffe toll på informasjonsteknologi-produkt og å auke marknadstilgangen for basisteletenester.

Noreg har leidd eit arbeid med å innføre internasjonale kontrollprosedyrar for reiarlag og skip som har som formål å hindre tap av liv eller skade på miljø eller eigedom. Stockholmsavtala, som set strenge regionale krav til tryggleik om bord i roroferjer, tok til å gjelde i juli i år.

Talet på gjestedøgn på hotell og andre overnattingsstader auka med 3 pst. i fjor, og av dette stod utanlandske gjester for ein tredjedel. I dei første fem månadene i år har utanlandske gjestedøgn gått ned med om lag 3 pst. Dei totale reisevalutainntektene til Noreg var i fjor på om lag 15 milliardar kr, som er rundt 2 pst. høgare enn året før.

Import og eksport av tradisjonelle varer auka kvar for seg med 6,4 og 5,2 pst. i første halvår i år samanlikna med same perioden i fjor. Handelsbalansen med utlandet for Fastlands-Noreg viste dermed eit underskott på nærare 32 milliardar kr første halvår i år, mot 29 milliardar kr i fjor. I perioden hadde Noreg den største nettoimporten av straum nokon gong på om lag 14 TWh.

Eksport av fisk og fiskeprodukt aukar framleis jamt, både i verdi og kvantum. I 1996 vart det totalt eksportert fisk for 22,4 milliardar kr. I kvantum utgjorde det drygt 1,8 millionar tonn. Det er ein auke på om lag 12 pst. samanlikna med 1995. Eksportdelen av fisk og fiskeprodukt til EU utgjorde 65,5 pst. Svært positivt for norsk fiskerinæring er auken til dei fire største einskildmarknadene, Danmark, Frankrike, Japan og Storbritannia. Til ei rad marknader er det ein auke i verdi trass i at volumet er redusert. Det blir kontinuerleg arbeid med å betre handelsvilkåra for fiskeindustrien.

Driftsrekneskapen overfor utlandet for første halvår i år viser eit overskott på om lag 36 milliardar kr, som er om lag uendra frå tilsvarende periode i fjor. For varer og tenester var det eit eksportoverskott på om lag 47 milliardar kr i første halvår.

Rente- og stønadsbalansen viste eit underskott på om lag 12 milliardar kr i første halvår, mot 10 milliardar kr i same perioden i fjor. Netto renter til utlandet viser for første halvår eit underskott på om lag 0,5 milliardar kr, mot eit mindre underskott på same tid i fjor. Noregs nettofordringar overfor utlandet auka med meir enn 22 milliardar kr i første halvår i år til om lag 97 milliardar kr.

Valutakursen i perioden etter desember 1996 har vore noko meir ustabil enn i den forrige perioden. Etter ei markert styrking i januar 1997 var kronekursen først i februar vel 4,5 pst. sterkare enn den tidlegare sentralkursen mot ecu. Kursen har sidan vorte svekt og låg ved

månadsskiftet august/september om lag på linje med gjennomsnittet for 1996 på 2,5 pst. under den tidlegare sentralkursen mot ecu.

I fjor kjøpte Noregs Bank utanlandsk valuta for om lag 91 milliardar kr, og av dette vart om lag 44 milliardar kr overførte til Petroleumsfondet. Fram til utgangen av august i år har Noregs Bank kjøpt valuta for om lag 47,5 milliardar kr og auka dei internasjonale reservane sine til om lag 200 milliardar kr.

Konsumprisindeksen auka med 2,3 pst. frå august 1996 til august 1997. Den gjennomsnittlege veksten i konsumprisindeksen dei åtte første månadene i år var på 2,7 pst. i høve til tilsvarende periode i fjor.

Det norske rentenivået gjekk monaleg ned på slutten av 1996 og først i 1997. Det kortsiktige rentenivået fall frå om lag 5 pst. i oktober i fjor til 3,5 pst. i andre halvdel av januar i år. Rentedifferansen mot tilsvarende tyske renter fall dermed frå 1,75 til 0,25 prosentpoeng. Differansen mot ecu-renta vart snudd frå 0,75 til -0,75 prosentpoeng. Seinare har rentene gått opp igjen til om lag 4 pst. ved utgangen av juli, med ein differanse mot tyske renter på 0,75 og ecu-rentene på 0,25 prosentpoeng.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet med å tilpasse Den nordatlantiske forsvarsalliansen (NATO) til den nye tryggingpolitiske situasjonen. NATO-toppmøtet i juli 1997 vedtok å invitere Polen, Tsjekia og Ungarn til å innleie forhandlingar om medlemskap. Toppmøtet stadfester samtidig at utvidingsprosessen vil halde fram, og at fleire land vil kunne bli tekne opp seinare. Romania, Slovenia og dei baltiske landa vart særskilt nemnde i denne samanhengen. NATO-landa og Russland vart i mai i 1997 samde om eit historisk samarbeidsdokument. Det er inngått eit formalisert samarbeid med Ukraina. Med skipinga av Det euroatlantiske partnerskapsrådet er det lagt til rette for styrkt politisk-militært samarbeid mellom partnarane. Arbeidet med ein ny kommandostruktur og med auka europeisk ansvar innanfor alliansen er ført vidare. Omforminga av NATO legg grunnlag for eit omfattande tryggingpolitisk og militært samarbeid som femmer om heile Europa, medrekna Russland, og ei nøkkelrolle for alliansen i tryggingssarkitekturen i det nye Europa.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet med å hindre, avgrense og løyse konflikter innanfor ramma av Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa – OSSE. Norsk personell deltek i OSSE-sendelag i Albania, Bosnia, Georgia, Kroatia, Latvia og Tsjetsjenia. Det norske tilbodet om å ta på seg OSSE-formannskapet i 1999 er vorte godt motteke blant dei andre OSSE-landa.

Regjeringa har ført vidare innsatsen for rustingskontroll og nedrusting, globalt og regionalt. Noreg har hatt ei leiroll i arbeidet med totalforbod mot antipersonellminer. Noreg har vore med på skipinga av Organisasjonen for forbod mot kjemiske våpen og drøftingane om konvensjonell nedrusting i Europa (CFE). Arbeidet med å hindre spreiding av masseødeleggingsvåpen er ført vidare.

Norsk deltaking i internasjonale fredsoperasjoner er også i 1997 konsentrert om den NATO-leidde fredsstyrken i Bosnia og FN-operasjonen i Sør-Libanon. I tillegg er Noreg med i seks andre internasjonale fredsoperasjonar. Regjeringa ser på det militære engasjementet i utlandet som ein integrert del av norsk trygging- og forsvarspolitik.

Forsvaret har sidan 1992 vore inne i ei omfattande omstilling. Sjølv om denne omstillinga vil ta noko lengre tid enn føresetnaden var, held ein stø kurs i arbeidet med å bygge opp det nye forsvaret. Det er lagt ned mykje arbeid for å få redusert driftskostnadene gjennom m.a. effektivisering og samordning av verksemda. Dette har stilt svært store krav til personellet i Forsvaret, som har løyst oppgåva på ein god måte.

Det vart født 60 927 levandefødte barn i 1996. Fødslane i 1996 tilsvarer 1,89 barn pr. kvinne, mot 1,87 året før. Frukthetsnivået i Noreg er no markert høgare enn i dei fleste europeiske landa. Spedbarnsdøden var i fjor på rekordlåg 4 døde pr. 1 000 levandefødte. Det er mellom dei lågaste i verda, og det er om lag halvparten så mange som døydde i 80-åra.

I alt 26 400 personar flytta til Noreg og 20 600 flytta frå Noreg i 1996. Netto innflytting vart dermed 5 800, medan det i perioden 1991–95 var gjennomsnittleg nærare 9 000 i året. Størst innflytting var det i fjor frå Sverige med netto 2 400, ein auke på vel 700 frå året før.

I 1996 vart talet på utanlandske statsborgarar i Noreg redusert for andre året på rad, som følgje av at mange får norsk statsborgarskap. Det var 157 500 utanlandske statsborgarar ved årsskiftet, eller 3,6 pst. av befolkninga. Det er 6 500 færre enn to år tidlegare.

I april i år behandla Stortinget bustadskattemeldinga frå Regjeringa. Ny lov om skatt til Svalbard vart vedteken i november i fjor. Stortinget fastsette i desember 1996 nye skattereglar for reiarlagsverksemd med vernad frå same året. Vidare vedtok Stortinget i perioden lov om individuelle pensjonsavtaler til vederlag for eiga pensjonsforsikring etter skattelova, og ny petroleumlov.

Produksjonen av olje, gass og NGL på den norske kontinentalsokkelen var i fjor 222,1 millionar standard kubikkmeter oljeekvivalentar. Dei seks første månadene i år var produksjonen 114 millionar standard kubikkmeter oljeekvivalentar, ein auke på 5,6 pst. frå same perioden i 1996. Det er først og fremst auka gass-sal som har gjeve denne veksten.

Dei oppdaga petroleumressursane ved årsskiftet var rekna til 9 milliardar standard kubikkmeter oljeekvivalentar, medan dei uoppdaga ressursane var rekna til 3,5 milliardar. Dei nye overslaga inneber ein auke på 14 pst. frå året før og skuldast i hovudsak at ein reknar med ein auke i utvinningsgraden for olje og gass.

For tolvårsperioden juni 1996 til og med mai 1997 har fyllingsgraden i vassmagasina til kraftproduksjonen vore svært låg. Fyllingsgraden har i denne perioden lege gjennomsnittleg 17,6 prosentiningar under medianen for perioden 1982 til 1991. Dette har i stor grad påverka tilgangen og forbruket av elektrisk kraft

det siste året. Vass-standen i magasina var likevel tilbake på normalnivået i juli i år.

Produksjonen av elektrisk kraft i fjor var 104,7 milliardar TWh. Det er 15 pst. mindre enn året før. Frå juni 1996 til og med juni 1997 produserte Noreg 97,6 TWh, ein nedgang på 20 pst. frå tilsvarende periode året før. Nedgangen i produksjonen i 1996 vart oppvegen av ein samla nettoimport på 9 TWh. Til samanlikning var den tidlegare årsrekorden for nettoimport frå 1986 på 2 TWh. Auka prisar på elektrisitet og sterk fokusering på kraftsituasjonen medverka til at forbruket av kraft vart redusert med 2,4 TWh i 1996 i høve til 1995.

I oktober i fjor vart det gjeve konsesjon for bygging og drift av to gasskraftverk, eitt på Kollsnes og eitt på Kårstø. Vedtaket frå Norges vassdrags- og energiverk vart anka. I mai vedtok Olje- og energidepartementet å avslå klagene og å setje enkelte tilleggsvilkår til konsesjonen.

Bruttoinvesteringane i varehandelen auka med 12 pst. frå 1995 til 1996 målt i faste prisar. I sysselsetjinga i varehandelen var det i fjor ein auke på i underkant av 5 pst. I første halvår i år gjekk det omsette volumet av detaljhandelen, unnateke motorkøyretøy og bensin, opp med 3,3 pst. samanlikna med same perioden i 1996.

Dagslåns- og foliorenta i Noregs Bank har i perioden fram til første kvartal 1997 gått ned med 1,25 prosentpoeng. Den gjennomsnittlege utlånsrenta og innskottrenta i bankane har kvar for seg gått ned frå 7,5 og 3,9 pst. ved byrjinga av den same perioden til 6 og 2,6 pst. ved utgangen. Rentemarginen er redusert til 3,4 prosentpoeng.

Den sterke veksten i sysselsetjinga har halde fram i perioden. I første halvår i år var om lag 2 178 000 personar i arbeid, noko som tilsvarer ein sysselsetjingsvekst på 3,2 pst. for kvinner og 2,8 pst. for menn samanlikna med same tid i fjor.

Løyvingane til ordinære arbeidsmarknadstiltak er i 1997 tilpassa eit nivå på om lag 26 800 plassar. Etter fleire år med vekst er talet på yrkeshemma no på veg nedover. Dette har samanheng både med konjunkturutviklinga og innsatsen frå arbeidsmarknadsstaten for å få dei yrkeshemma i arbeid. Tendensen til mangel på arbeidskraft i fleire bransjar har forsterka seg ytterlegare i den inneverande perioden.

Regjeringa har i statsbudsjettet for i år satsa om lag 50 mill. kr på bruk av bioenergi, av desse er 5 mill. øyremerkte for forskning og utvikling. Det er komme inn omkring 70 søknader om til saman rundt 150 mill. kr. Dei totale investeringskostnadene i samband med prosjekta er rekna til om lag 0,5 milliardar kr.

Regjeringa nemde opp att Næringslovutvalet for tre nye år med sterkare representasjon frå næringslivssida. Samtidig har ein styrkt sekretariatet for utvalet.

Dei generelle verkemidla overfor næringslivet er samla i eit nytt Nærings- og handelsdepartement. Det gjeld både dei nasjonale og internasjonale, og formålet er å samordne og effektivisere næringspolitikken i ein globalisert konkurransesituasjon. Regjeringa har sett i verk samarbeidstiltak mellom næringslivet og det offent-

lege apparatet for gjennom fremjing av eksporten og internasjonalisering å sikre høg verdiskaping og sysselsetjing i Noreg.

Strategiplanen for Asia er ført vidare gjennom utarbeiding av bransjeplanar på seks prioriterte område: olje og gass, vasskraft, informasjonsteknologi, fisk, miljøteknologi og skipsutstyr. Vidare er første steget i ein omstillingsplan som tek sikte på å styrkje Eksportrådet som eksportfremjande serviceorgan, gjennomført.

Det har vorte halde ei eiga IT-politisk utgreiing for Stortinget. Noreg deltok aktivt på den europeiske ministerkonferansen i Bonn i juli i år om globale informasjonsnett. Bruk av IT i undervisninga i sentrale fag i allmennlærarutdanninga vart sett i verk frå hausten 1996. Forum for IT-næringane, som består av representantar frå næringsliv, forvaltning og utdannings- og forskingsinstitusjonar, er oppretta som eit rådgjevande utval i utforminga av den næringsretta IT-politikken.

Internett er teke i bruk som informasjonskanal frå Regjeringa, departementa og mange etatar. Det blir arbeidd for å få fram tilbod om nett-tilknytning for alle verksemdene i statleg og kommunal sektor, slik at ein kan kommunisere elektronisk med den offentlege forvaltninga i Noreg.

Det er sett i gang eit arbeid for å få folkebiblioteka knytte til Internett, og det er sett av 5 mill. kr på statsbudsjetten for 1997 som primært blir brukte til dette formålet. Det blir vidare arbeidd med å etablere eit Kulturnett Noreg. Gjennom kulturnettet skal det skapast eit elektronisk knutepunkt for informasjon om norske kulturtilbod. Parallelt med denne nasjonale satsinga vil det bli eit samarbeid med nabolanda våre for å sjå om det er mogleg å knyte dei ulike kulturnetta saman til eitt nordisk nett.

Regjeringa la i mai fram ei stortingsmelding om verksemda til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond. Med utgangspunkt i drøftinga av meldinga i Stortinget er det innført ei ny ordning med lågrisikolån til vederlag for den tidlegare grunnfinansieringsordninga. Utbyttereglane for eigenkapitalordninga er endra slik at ho kan målrettast meir mot små og mellomstore verksemdar. Tiltak som tek sikte på kompetanseheving og bedriftsutvikling skal prioriterast. Statens fiskarbank vart integrert i Statens nærings- og distriktsutviklingsfond frå årsskiftet. Det har gjeve fiskeflåten tilgang til eit breiare verkemiddelapparat.

Regjeringa la i august fram ei stortingsmelding om eigarskap i næringslivet. Her går Regjeringa inn for å opprette eit teknologifond på ein milliard kr for å stimulere bedrifter til å ta i bruk ny teknologi. Vidare blir det gjort framlegg om eit miljøfond på 500 mill. kr til bedrifter som ønskjer å ta i bruk ny miljøteknologi. Ein foreslår også å opprette eit investeringsselskap der staten og private interesser går saman om å sikre den nasjonale forankringa til store og små bedrifter frå heile landet.

Konkurransestyresmaktene hadde i 1996 i alt 189 kontrollar for å sjå til at forboda i konkurranselover blir etterlevde, og behandla 59 saker i samband med avtaler

eller tiltak med konkurranseskadeleg åtfærd. Same året vart det behandla 150 søknader som galdt dispensasjon frå forboda i konkurranselover, og av desse vart 130 innvilga. Talet på saker som galdt overtaking av bedrifter, var 696. Ein hadde i alt 2 804 kontrollar av prismerkingsføresegnene, og av desse var det nødvendig med i alt 1 559 innskjerpingar på grunn av brott på føresegnene. I alt gjennomførte konkurransestyresmaktene 25 prisundersøkingar dette året.

Innanlands persontransportarbeid utgjorde i fjor 57,1 milliardar transportkilometer, ein auke på 4,2 pst. frå året før. Personbilen stod for 88 pst. av persontransportarbeidet. Det samla godstransportarbeidet innanlands var i fjor 37 900 millionar tonnkilometer, og av dette gjekk 28 pst. på veg. Investeringar i riksveganlegg var i fjor på 5 300 mill. kr.

Salet av nye bilar og bruktimporterte bilar har auka med om lag 30 pst. frå 1995 til 1996. Ved utgangen av 1996 var det registrert om lag 2,05 millionar bilar i Noreg, som er noko mindre enn i 1995. Grunnen til nedgangen var den store auken i skroting av personbilar som følgje av auka vrakpant.

Talet på personar som bur langs riksvegnettet, og som er svært plaga av trafikkstøy, vart redusert med 2 000, slik at 92 000 personar langs riksvegnettet er svært plaga av støy. Talet på personar som er svært plaga av luftforureining ved bustaden, er redusert med nær 1 300 til 6 000.

Flytrafikken målt i talet på passasjerar innanriks og utanriks hadde i fjor ein auke på 10,7 pst. frå 1995. Av det samla talet på passasjerar var 17,4 millionar innanriks og 6,3 millionar utanriks. I dei fem første månadene i år har veksten i talet på passasjerar vore 7,7 pst. samanlikna med den same perioden i fjor.

Etter ein anbudskonkurranse der seks selskap leverte inn 20 anbod, gjorde Samferdselsdepartementet i oktober 1996 vedtak om å tildele Widerøe's Flyveselskap ASA anbudskontrakten for regionale ruteflygingar i Noreg fram til mars 2000. Det årlege kompensasjonsbehovet er redusert med om lag 23 pst. i høve til det Widerøe fekk i 1996.

Overskottet i Luftfartsverket var i 1996 på 921,1 mill. kr, som er ein auke på 20,9 pst. frå 1995. Det vart gjennomført investeringar på i alt 613 mill. kr i flyplassnettet utanom hovudflyplassen på Gardermoen og etterbruk av Fornebu.

I desember i fjor vart trafikkdelen i NSB omgjord til selskap organisert etter eiga lov, NSB BA, medan ansvaret for køyrevegen vart lagt til forvaltningsorganet Jernbaneverket. I fjor auka persontrafikken med tog målt i personkilometer med 2,8 pst. Tala viser at veksten for lokal- og intercitytrafikken held fram, medan han for fjerntoga har flata ut. Godstrafikken med tog målt i tonnkilometer auka med 9 pst. i same perioden.

I 1996 vart 12 215 personar skadde eller drepne i vegtrafikken; av desse vart 255 personar drepne. Det er 50 færre drepne enn i 1995 og det lågaste talet på drepne i trafikken sidan før 1960. I alt omkom 145 personar i flytrafikken i 1996. Av desse omkom 141 personar i ei

ulykke med eit russisk fly på Svalbard. I september i år omkom 12 personar i ei tragisk helikopterulykke ved Norne-feltet utanfor Brønnøysund. I 1996 vart ingen drepen i togtrafikken, men 3 personar vart alvorleg skadde, og av dei var det éin reisande.

Stortinget vedtok i november 1996 lov om formidling av landsdekkjande postsendingar. Postverket vart i desember i fjor omdanna til selskap organisert etter eiga lov, Posten Noreg BA. Forvaltningsbedrifta Postverket hadde for dei første elleve månadene eit resultat på 28,3 mill. kr. Talet på postsendingar auka i fjor med 4,9 pst. Det vart i fjor lagt ned 254 postkontor, medan 43 vart omgjorde til postfilialar.

I juni i år vart det etablert eit statleg posttilsyn, som skal føre tilsyn med postverksemda i Noreg. Det nye tilsynet er ein integrert del av den tidlegare Statens teleforvaltning, som no heiter Post- og teletilsynet.

Frå november i fjor vart det lov å bruke eksisterande alternativ infrastruktur, som t.d. telenetta til elforsyninga og kabel-TV-netta, til levering av eksisterande konkurranstenester, som t.d. dataoverføringstenester og verdiaukande tenester.

Prisane på teletenester vart i fjor reduserte med i overkant av 5 pst., og det er gjort ytterlegare reduksjonar i år. Ved utgangen av fjoråret var 91 pst. av sentralane til Telenor digitaliserte, og før utgangen av året skal digitaliseringsgraden vere 100 pst. Telenor hadde i fjor ein auke i samla omsetning på 11,9 pst. frå 1995. Resultatet før skatt var om lag 2 350 mill. kr.

I juni i år låg det føre to uavhengige verddivurderingar av Telenor. Selskapsverdien er rekna til 30–36 milliardar kr og verdien av eigenkapitalen til 24–30 milliardar kr. Overslaga viser at det har vore ei tilfredsstillande verdistigning i konsernet sidan omdanninga til statleg aksjeselskap i november 1994.

I jordbruksoppgjeret vart det inngått ei avtale mellom staten og Norges Bondelag. Norsk Bonde- og Småbrukarlag valde å bryte forhandlingane. Dei endringane i prisar og tilskott over statsbudsjettet som vart forhandla fram, vart vedteke av Stortinget i juni.

Oppgjeret i år gjev jordbruket ein auke i den samla ramma som gjev ein inntektsverknad på 928 mill. kr på avtaleårsbasis. Avtala gjer det mogleg med ein inntektsauke på om lag 3,5 pst. frå 1996 til 1997. Det oppnår ein med ein auke i avtaleprisane på 450 mill. kr og ein auke på 50 mill. kr i tilskott over statsbudsjettet og i tillegg omdisponeringar innanfor den varige ramma og eingongsutbetalingar.

Det vart vedteke å setje ned ei partssamansett arbeidsgruppe som vurderer marknadsordninga for korn, m.a. om ein skal oppheve statens kjøpeplikt på korn, og å setje ned eit breitt samansett utval som skal vurdere likestilling og rekruttering til landbruket.

Det er gjennomført ein runde om omfordeling av mjølkekvotar. Den nye marknadsordninga for mjølk tok til å gjelde i juli i år.

I 1996 vart det eksportert treprodukt for 15 milliardar kr, medan brutto produksjonsverdi frå skogbruket og den treforedlande industrien var på meir enn 30 milliardar

kr. Utviklinga i marknadene for skogindustrien har i dei seinare åra endra rammevilkåra for skogbasert verksemd. Det er derfor behov for å gå igjennom kva rolle og oppgåver skogpolitikken skal ha. Det vil bli gjort i ei eiga melding til Stortinget.

Ved reindriftsforhandlingane vart satsen for produksjonstilskott auka monaleg, samtidig som det vart innført eit øvre tak på 600 rein pr. driftseining for å få dei direkte inntektsgevande tilskotta som er nedfelte i avtala.

Noreg har det siste året registrert eitt tilfelle av Newcastle disease, som er ein alvorleg sjukdom hos fjørfe. Når det gjeld andre pattedyr og fisk, har vi vore frie for dei alvorlegaste sjukdommane. Av sjukdommar som vi trudde vi var frie for, er det registrert nokre tilfelle av paratuberkulose og leukose hos storfe. Kampen mot skrapesjuka hos småfe er intensivert, og det er sett i verk eit overvåkings- og kontrollprogram mot sjukdommen. Talet på utbrott av skrapesjuka har gått ned. Hos fisk er det framleis nokre tilfelle av infeksjøs lakseanemi, men den generelle helsetilstanden blir sett på som tilfredsstillande. Bruken av antibiotika er framleis låg.

Regjeringa la i april fram ei stortingsmelding om matkvalitet og forbrukartryggleik. Det overordna målet er å sikre forbrukarane helsesame matvarer. Meldinga legg opp til satsing på internasjonalt forpliktande samarbeid, vektlegging av kvalitet langs heile matvarekjeda, utvikling av ny kunnskap og opne forhold og medverknad frå forbrukarane. Meldinga vil bli aktivt følgd opp gjennom eit samarbeid mellom fire departement og etatar.

Ny lov om tiltak mot sjukdom hos fisk og andre akvatiske dyr vart vedteken 13. juni. Lova er utvida til å gjelde villlevande marin fisk og sjøpattedyr. Nytt er også heimel til å vurdere smittehygieniske forhold ved plassering av slakteri og tilverkingssanlegg for akvatiske dyr.

Forvaltningsansvaret for Norges landbrukshøgskole og Norges veterinærhøgskole vart overført til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet ved årsskiftet. Samtidig vart Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Planteforsk, Norsk institutt for skogforskning og Veterinærinstituttet omgjorde til forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Norges forskningsråd har fått ansvaret for fordelinga av basisløyvingane til landbruksforskningsinstitutta.

I samband med drøftinga av stortingsmeldinga om hamner og infrastruktur for sjøtransport slutta Stortinget seg i juni til den auka satsinga på fiskerihamner og infrastruktur som Regjeringa la opp til. Vidare vart hamnene i Oslo, Grenland, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim, Bodø og Tromsø klassifiserte som nasjonale hamner. Regjeringa la i mars fram ei stortingsmelding der den gjennomførte nedlegginga av vakthaldet på fyr vart vurdert.

Utbyttet av det norske fisket var i første halvår i år 1 471 000 tonn (rund vekt) til ein førstehandsverdi på 4,1 milliardar kr. Det har vore nedgang i kvantum på om lag 1,1 pst., og verdien har gått ned med 300 mill. kr

samanlikna med den same perioden i fjor. Lønnsevna i fiskeflåten er god.

Ressurssituasjonen for dei viktigaste fiskebestandane nord for 62 grader nord, torsk, hyse og norsk vårgytande sild, er framleis god, sjølv om det ukontrollerte fisket i Smottholet verkar negativt på torskbestanden.

Blåkveitebestanden og loddebestanden er rekna til å vere utanfor sikre biologiske rammes. Blåkveitefisket er strengt regulert, og det er forbod mot loddefiske i Barentshavet. Rekebestanden er rekna til å vere innanfor sikre biologiske grenser. Dei strenge reguleringstiltaka for makrell som vart innførte i 1996, er vidareførte i 1997 som eit ledd i arbeidet for å byggje opp att bestandane for makrell. På grunnlag av nye negative overslag for bestanden vart totalkvoten for nordsjøisild halvert midt i 1996-sesongen etter forhandlingar med EU. Den lågare totalkvoten er vidareført for 1997. Bestandsituasjonen for dei viktigaste botnfiskbestandane i Nordsjøen er framleis dårleg.

Norsk fiskerinæring har jamt over hatt betre tider enn tidlegare. Samtidig opplever industrien betre, stabile prisar på verdsmarknaden. Situasjonen for fiskeindustrien i Finnmark har betra seg i høve til føregåande år, og dei fleste tilverksanlegga er no i drift.

På grunn av ein vanskeleg handelspolitisk situasjon i høve til Den europeiske unionen i fjor sette Regjeringa i verk førkvotar for å redusere veksten i den norske lakseproduksjonen. Denne ordninga førte til at produksjonen vart 50 000–100 000 tonn lågare enn det ein opphavleg hadde rekna med. Kvotane har vore med på å skape ei stabil prisutvikling og har ført til stagnasjon i utsettinga av smolt. Ordninga er i år ført vidare med ein auke på 15 pst.

I forhandlingane mellom staten og Norges Fiskarlag hausten 1996 om stønadstiltak for fiskerinæringa for 1997 vart det semje om ei avtale med ei økonomisk ramme på 90 mill. kr. I tillegg vart det gjort framlegg om 5 mill. kr i tilskott til utviklingstiltak.

På dei fleste tariffområda vart det i 1996 inngått to-årige avtaler, og lønnsoppgjera i 1997 var i hovudsak oppgjær for andre avtaleår. Det vart brott i dei sentrale forhandlingane mellom LO og NHO, og oppgjæret gjekk til mekling. Riksmeklingsmannen kom med framlegg til avtale som partane godtok. Forutan lønnstillegg innebar avtala ei avtalefesta tidlegpensjonsordning for 63-åringar frå oktober 1997 og 62-åringar frå mars 1998. I privat sektor elles har oppgjera på vanleg måte vorte gjennomførte bransjevis, og partane har gjennom forhandlingar og mekling vorte samde om nye avtaler.

I offentleg sektor, der lønnsoppgjæret blir gjennomført sentralt, vart det brott i forhandlingane. Ved hjelp av riksmeklingsmannen vart partane i stat og kommune samde om nye avtaler med verknad frå mai 1997. Rammene for oppgjæret er på 3,5 pst. I tillegg til lønnstillegg inneheld også avtalene i offentleg sektor ei tidlegpensjonsordning etter dei reglane som er avtalt for avtalefesta pensjon (AFP).

I drøftingane i år om pensjonsreguleringa i folketrygda vart staten, Norsk Pensjonistforbund, Funksjons-

hemmedes Fellesorganisasjon og Landsorganisasjonen i Noreg i mai samde om å regulere grunnbeløpet i folketrygda med 1 500 kroner frå mai i år.

I samband med lønnsoppgjæret i 1997 vart det avtalt at arbeidstakarar i heiltidsstilling under visse vilkår og med samtykke frå arbeidsgjevaren kan ta ut delpensjon og trappe ned yrkesaktiviteten med ein eller to heile arbeidsdagar per veke. Slik håpar ein at arbeidstakarar kan få høve til å vere yrkesaktive lenger enn dei elles hadde kunna.

Regjeringa ønskjer å auke talet på kvinner i leiarsstillingar i staten og har sett i verk eit toårig prosjekt kalla «Kvinne, kvalitet og kompetanse i staten», KKS-prosjektet. Det vil vere eit toppleiaransvar å følgje opp dei målsetjingane som er skisserte.

Det er vedteke ny aksjelovgjeving og nye lover om tomtefeste og om avtaler med forbrukarane om oppføring av bustader.

Det er sett i gang eit prøveprosjekt med rådgjevingsskontor for kriminalitetsoffer som skal gje hjelp, råd og rettleiing til folk som har vore utsette for overgrep og kriminelle handlingar. Hittil er det oppretta slike kontor i fem politidistrikt. Det er sett i gang eit prøveprosjekt med alarmer for voldsutsette. Etterutdanninga ved Politihøgskolen som gjeld etterforskning og behandling av seksuelle overgrepssaker, er styrkt.

Tenestetida for dei sivile tenestepliktige vart sett ned frå 16 til 14 månader med verknad frå august i år.

Regjeringa har sett ned eit utval til å gå gjennom verkemåten og organisasjonen til overvakingstenesta. Regjeringa arbeider med ei lov om avgrensa innsyn i dokumenta til overvakingstenesta.

Storleiken på lån i Husbanken har auka monaleg i år samtidig som rentesatsane er komne ned på eit svært lågt nivå, tilsvarande 3,8 pst. i tredje kvartal. Dette har medverka sterkt til å lette dei gjeldsproblema som stod att, og til å auke etterspørselen etter bustader. I perioden har ein samordna dei to statsordningane for bustødnad. Det er vedteke ei overgangsordning som skal sikre at søkjarar ikkje får nokon merkande reduksjon i bustønadsutbetalingane på grunn av samordninga. Det er vedteke høgare satsar for tilskott til etablering av omsorgsbustader og sjukeheimsplassar.

Frå juli er det sett i verk vesentlege endringar i plan- og bygningslova som gjeld byggjesaksbehandlinga. I hovudsak er formålet med endringane å betre kvaliteten på byggjearbeida, m.a. gjennom at eit større ansvar er lagt på dei firmaa som utfører arbeidet. Stortinget vedtok i april ny lov om eigarseksjonar, der hovudpunktet er at det må liggje føre kommunal godkjenning før ein kan gjennomføre seksjonering.

Stortingsmeldinga om norsk samepolitikk vart lagd fram i april i år. Meldinga legg eit realistisk grunnlag for ei prinsipiell og heilskapleg drøfting av norsk samepolitikk. Regjeringa kom også med framlegg til endringar i samelova hausten 1996 som innebar mindre, praktiske tillempingar av lova til forvaltningsoppgåvene til Sametinget, og visse endringar med sikte på sametingsvalet.

Stortinget har vedteke endringar i vallova, som inneber at ein no for første gong kan førehandsrøyste ved stortings- og sametingsvalet 1997 på postkontora og til landpostboda.

Regjeringa vedtok i mai nye og strengare forskrifter for luftkvalitet og støy i samsvar med forureiningslova. Det er vedteke nye forskrifter til føresegnene om konsekvensutgreiingane i plan- og bygningslova.

Stortinget har behandla meldinga frå Regjeringa om regional planlegging og arealpolitikk. Meldinga dreg opp rammer for ein nasjonal arealpolitikk der det m.a. blir lagt opp til ein meir restriktiv politikk for etablering av kjøpesenter.

Regjeringa har også lagt fram ei stortingsmelding om miljøvernpolitikk for ei berekraftig utvikling.

Stortingsmeldinga om rovviltforvaltninga vart behandla i Stortinget i juni. Meldinga legg m.a. opp til ei kjerneområdeforvaltning for bjørn og jerv i Sør-Noreg, tiltak for å forebygje framtidige skadar på bufe og tamrein og forsøksordningar med lokal medverknad i rovviltforvaltninga.

I mars la Regjeringa fram ei stortingsmelding om tilskottsreglar for barne- og ungdomsorganisasjonane.

Barnevernet får om lag 20 000 meldingar kvart år. Av desse meldingane blir 95 pst. gjennomgatte og 86 pst. undersøkte innanfor dei saksbehandlingsfristane som lova set. Det er i år utarbeidd eigne planar for fosterheimar og for barn og unge med åtferdsvanskar. Det er vidare gjeve tilskott til å opprette ei landsforeining for barnevernsbarn og til å utarbeide informasjonsmaterieil forfatta av ungdommane sjølve.

Utbygginga av barnehagane held fram. Ved årsskiftet 1996-97 hadde 61 pst. av alle barn på 1-6 år plass i barnehage eller seksåringstilbod i skolen. Det tilsvarande talet for 1-5-åringar i barnehage var på 55 pst.

Endringar i barnelova er vedtekne og vil ta til å gjelde i januar 1998. Endringane tek sikte på å sikre barn så like vilkår som mogleg uavhengig av sivilstatusen og samlivssituasjonen til foreldra, og å sikre større likestilling mellom foreldre når det gjeld foreldreansvar og samvær.

I august vart det oppretta eit kompetansesenter for likestilling. Det tidlegare Likestillingsrådet er omorganisert for å styrkje det utoverretta likestillingsarbeidet. Stortinget vedtok i desember i fjor endringar i marknadsføringslova om m.a. skjerpa reglar som forbyr utetisk og kjønnsdiskriminerande reklame.

Regjeringa la i mai fram eit framlegg om ny lov om opningstider for utsalstader.

Sjukefråveret held fram med å stige i 1997. Det må ein m.a. sjå i samanheng med at fleire no er komne i arbeid. Utgiftene til alderspensjon aukar sjølv om talet på alderspensjonistar no nærast er stabilt. Utgiftsauken skuldast at nye pensjonistar i aukande grad har tent opp rettar til tilleggspensjon. Talet på einslege forsørgjarar ser ut til å ha stabilisert seg.

Det er gjort vedtak om at legar i privat praksis må ha driftsavtale med kommune eller fylkeskommune for å kunne ta imot refusjon frå folketrygda.

Eit offentleg utval har gjennomgått effektiviteten i omsetningsledda og ordninga for refusjon frå folketrygda innanfor legemiddelområdet.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om sjukehus og annan spesialisthelseteneste. Den framtidige styringsmodellen med regionalt samarbeid og sterkare statleg styring legg til rette for ei betre utnytting av dei samla ressursane i spesialisthelsetenesta og vil medverke til å sikre betre kvalitet og likskap i helsetilbodet. Regjeringa har derfor nemnt opp eit utval som skal greie ut om dei faglege krava som må setjast til den akuttmedisinske verksemda.

Regjeringa har nemnt opp eit utval som skal lage eit kunnskapsoversyn over helse og sjukdom blant kvinner i Noreg mot slutten av det tjuande hundreåret. Utvalet skal komme med tilrådingar og foreslå konkrete tiltak for å betre helsa til kvinner og sikre god behandling av sjukdommane deira. Utgreiinga skal leggjast fram medio juni 1998.

Sosial- og helsedepartementet har nemnt opp eit snøgtarbeidande utval som innan neste årsskifte skal greie ut og komme med framlegg til styrking av folkehelsearbeidet i kommunane, spesielt kva plass samfunnsmedisinen, miljøretta helsevern og svangerskaps- og fødselsomsorga skal ha.

Ein odelstingsproposisjon om lov om endring av alkohollova og ei stortingsmelding om narkotikapolitikken vart lagde fram og behandla i vårsesjonen 1997.

Arbeidet med å gje alle grunnskoleelevar eit trygt og godt læringsmiljø har hatt høg prioritet. Det er i den samanhengen teke initiativ til ei rekkje tiltak mot mobbing i skolen.

Regjeringa har arbeidd med å sikre og betre kvaliteten i opplæringa, særleg for elevar med behov for tilpassa opplæring gjennom handlingsplanen for funksjonshemma. Regjeringa har også gjennom m.a. internasjonale prosjekt fått analysert opplæringa i enkelte fag som eit grunnlag for arbeidet med kvalitetssikring.

Av dei unge som har rett til vidaregåande opplæring, er 97 pst. i opplæring eller i arbeid. I skoleåret 1996-97 har 90 pst. av elevane på grunnkurs stått i alle fag. På det neste steget (vidaregåande kurs I) har 93 pst. av elevane stått.

Våren 1997 la Regjeringa fram ei stortingsmelding om lærlingsituasjonen med framlegg til tiltak som kan betre tilgangen på læreplassar i arbeidslivet. Stortinget slutta seg til hovudlinjene i meldinga. Tilgangen på læreplassar har auka kraftig, men det er framleis for få plassar innanfor visse fagområde.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har, i samråd med partane i arbeidslivet, lærarorganisasjonane og elevorganisasjonane, utarbeidd ei opplæringsbok som skal vere eit hjelpemiddel for lærarane i planlegginga av opplæringa og for læringa til eleven. Fylkeskommunane er oppmoda om å innføre opplæringsboka i alle fag på dei yrkesfaglege studieretningane frå og med skoleåret 1997-98, medan utprøvinga held fram på studieretningane for allmenne, økonomiske og ad-

ministrative fag, idrettsfag og på studieretninga for musikk, dans og drama.

Rapportane i 1997 frå forskarane som evaluerer Reform 94, viser at reforma har hatt positiv effekt på gjennomstrøyminga i vidaregåande opplæring. Effekten er særleg sterk i dei yrkesfaglege studieretningane.

I høgare utdanning er det oppretta om lag 1 500 nye studieplassar frå hausten 1997. Det gjer det mogleg å halde opptakskapasiteten på prioriterte utdanningar i høgskolesektoren på same høge nivå som året før. Det gjeld utdanningar som helse- og sosialfag og allmenn- og førskolelærerutdanning. Vidare er det lagt vekt på at institusjonane omprioriterer frå studium med låg søkning til studium med høg søkning. Opptaket til IT-utdanning er auka med 145 i høve til hausten 1996, og det er oppretta 75 nye studieplassar i medisin og 12 innanfor psykologi for å halde opptaket til desse utdanningane på same nivået som i fjor. Den nasjonale opninga av historisk-filosofiske, matematisk-naturvitenskaplege og samfunnsvitenskaplege fag er ført vidare.

Renta i Statens lånekasse for utdanning er redusert til 5,5 pst. for alle tilbakebetalande låntakarar frå juli i år.

Stortinget slutta seg i vår til framlegg i stortingsmeldinga om etablering av Noregsnettrådet. Noregsnettrådet skal gje nasjonale og samordnande vurderingar om samarbeid og arbeidsdeling innanfor høgare utdanning.

Det vart i vår også lagt fram ei stortingsmelding om prinsipp for rangering av søkjarar til høgare utdanning. Eit nytt, felles opptaksregelverk, som skal gjelde frå år 2000, vil bli utarbeidd på bakgrunn av stortingsdrøftingane.

Stortingsmeldinga om folkhøgskolen og utdannings-samfunnet vart drøfta i Stortinget i januar i år. Det vart vedteke at elevar som gjennomfører eit folkehøgskoleår på 33 veker frå og med skoleåret 1997-98, skal få tre konkurransepoeng til høgare utdanning under føresetnad av dokumentasjon frå skolen og registrert frammøte på 90 pst. 602 personar tok doktorgraden ved norske universitet og vitenskaplege høgskolar i fjor. Det er same talet som i 1995. Talet på avlagde doktorgradar ser ut til å ha stabilisert seg etter fem år med kraftig vekst. Kvinnedelen aukar framleis og er no på éin av tre doktorgradar.

Regjeringa sette i perioden ned eit breitt samansett utval for å greie ut og komme med framlegg til organisering og finansiering av ei etter- og vidareutdanningsreform.

Ny lov om Den norske kyrkja (kyrkjelova) og ny lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) tok til å gjelde i januar i år.

Stortinget slutta seg ved drøftinga av stortingsmeldinga om kunstnarane til hovuddraga i kunstnarpolitikken. I samband med drøftinga av langtidsprogrammet gav også Stortinget tilslutnad til at det skal byggjast ein ny opera.

Stortinget har vedteke ny lov om tilsyn med oppkjøp i dagspresse og kringkasting. Det er ei fullmaktslov der eit nytt tilsynsorgan får fullmakt til å leggje ned forbod

mot eller setje vilkår for oppkjøp av eigardelar i dagspresse og kringkastingsføretak.

Regjeringa har i ei oppfølging av utgreiinga om medieombod gjort framlegg om endringar i kringkastingslova. Regjeringa foreslår å avvikle Klagenemnda for kringkastingsprogram slik at Pressens Faglige Utvalg blir skipa som eit felles medieetisk klage- og tilsynsorgan.

Handlingsplanen til Regjeringa mot vald i biletmedia er m.a. følgt opp med eit framlegg om endringar i film- og videogramlova og straffelova. Ein foreslår å endre føresegnene i straffelova om valdsskildringar, slik at dataspel vil bli regulerte av valdsnorma i lova, og at lova vil gjelde uavhengig av måten materialet blir spreitt på, t.d. gjennom Internett.

I 1997 utgjorde den delen av overskottet i Norsk Tipping AS som gjekk til idrettsformål, 631 mill. kr. Av dette vart 363,6 mill. kr sette av til idrettsanlegg, 237,9 mill. kr til Norges Idrettsforbund og 29,5 mill. kr til andre idrettsformål.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet! Det 142. Storting, som Deres Majestet i dag har åpnet, er det første i en ny valgperiode. Mange av de representantene som møter i det nyvalgte Stortinget, har erfaring fra tidligere perioder. Deres innsikt og erfaring vil være til stor nytte for arbeidet i Stortinget. Samtidig er jeg sikker på at de 70 nye representantene bringer med seg nye impulser og sterk vilje til innsats for landets beste.

De oppgaver vi er satt til å løse, er mange og utfordrende både på det nasjonale og det internasjonale plan. Å sikre velferden for fremtidige generasjoner uten at det går på bekostning av bærekraften i miljøet, og samtidig sørge for at folk som lider nød, får en menneskeverdig tilværelse, stiller store krav til vår evne til langsiktig tenkning og fornuftig bruk av ressursene.

Helse, trygghet, kunnskap og kultur vil være sentrale elementer i våre bestrebelser for å nå de målene vi har satt oss. Trontalen bærer bud om fortsatt sterk satsing på disse områdene.

I et levende demokrati vil det naturligvis være delte meninger i mange av de saker som Stortinget får til behandling. Erfaring tilsier imidlertid at det først og fremst vil være midlene og ikke målene striden står om. Det er mer som samler enn som skiller oss.

Den første store konkrete oppgaven Stortinget skal gå i gang med, er statsbudsjettet for det kommende år. Budsjettbehandlingen er alltid en krevende oppgave. I høst skal vi dessuten prøve ut en ny prosedyre for behandling, slik det ble vedtatt av det forrige storting. Totaliteten i budsjettet og de enkelte budsjetttrammer skal nå fastsettes med bindende virkning allerede ved behandlingen av finansinnstillingen, mens salderingen faller bort. Å endre tilvante arbeidsmønstre kan ofte være vanskelig. Jeg har imidlertid tro på at det vil være en felles ambisjon å bidra til at den vedtatte prøveord-

ningen skal gi et godt grunnlag for raskere og mer tjenlige budsjettrutiner og bedre resultat.

I forvisning om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange store oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen og Hennes Majestet Dronningen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte – og anser dette for vedtatt.

Møtet hevet kl. 13.50.
